



AUSTRHEIM KOMMUNE

Arbeids-og Sosialdepartementet

Att. Avdelingsdirektør Odd Wälengen

Postboks 8010 Dep.

0001 OSLO

Mastrevik 31. juli 2014

Høyringsuttale vedkomande

« Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov »


1. Austrheim kommune rår til at Regjeringa utset endringar i tiltakssystemet til etter den varsla Stortingsmeldinga er handsama i Stortinget. Då får Norge ei brei og heilskapleg drøfting av funksjonaliteten i det samla tiltaksapparatet, og me kjenner Stortinget sin vilje i saka. Me merkar oss at både NHO og LO også peikar på ein heilskapleg debatt i saka først.
2. Austrheim kommune er skeptisk til om anbodssystem er eigna til denne typen tenester, og me meiner det er for lite utgreidd og uavklart kva konsekvensar endringane i høyringsnotatet legg opp til både for brukarar, attføringstilbydarar og også for kommunane sine tenestetilbod og økonomisk verknad for kommunane i høve dei som står lengst unna arbeidsmarknaden.
3. Andre land sine røymsler med anbudsutsetjing av slike tenester må også vurderast før Norge gjer det same. Konkurransutsetjing av desse tenestene er i seg sjølv risikabelt, då tapande bedrifter kan forsvinna, noko som er særleg ulempe for distrikta og for dei arbeidstakarane det er vanskelegast å formidla.
4. Austrheim kommune meiner ein også må vurdere NAV si rolle i formidlinga. Truleg har NAV best føresetnader overfor dei som er lettast å formidla, medan kommunane bør ha større medverknad i formidlingstenestene til dei som står lengst unna arbeidsmarknaden. Dette fordi tilbodet til desse brukarane krev stor grad av lokal kunnskap og lokale løysingar, då dei er tunge å jobbformidla. Dette understrekar spesielt sidan Norge er i ein situasjon med ca 3% arbeidsløyse, då er det ganske få som er raske/enkle å formidla tilbake til arbeidslivet. Me er særleg uroa for at anbudsutsetjing kan gje mindre valfridom, dårlegare tilbod og svekka sjølvtilitt for dei svakaste, og såleis bli dyrare for samfunnet enn i dag, fordi deira arbeidsevne kan vera til hinder for kommersielle verksemder.



AUSTRHEIM KOMMUNE

5. Austrheim kommune meiner anbudsutsetjinga kan undergraya det arbeidet kommunane har tatt på seg med å byggja opp eit sterkt og godt nettverk med tiltaksapparat. Endringar må skje i nært samarbeid med kommunane, og det er naturleg at KS vert part i eventuelle endringar.
6. Austrheim kommune er på generelt grunnlag sterkt kritiske til at Regjeringa sender ut høyringsbrev med kort høyringsperiode tett inntil ferietida. Dette har ført til at kommunestyret ikkje har hatt høve til å handsama høyringsutkastet og at det er ordføraren som svarar på vegne av Austrheim kommune.
7. Austrheim kommune viser elles til høyringsuttalane frå Oslo og Bergen kommunar, og støttar desse.

Austrheim kommune


Per Lerøy
Ordfører